

		<h2 style="text-align: center;">MØTEREFERAT</h2> <p><b>STYREMØTE, torsdag 23. mai 2019 kl. 16-17.</b>  <b>STAD: Gol bibliotek.</b></p> <p>Til stades: Knut Medhus, Olav Randen, Margarethe L'orange.  Forfall: Eva-Charlotte Mørk. Vara: Turid Birgit Lien.</p> <p>Referat: Margarethe L'orange, 24.05.2019</p>
	Tema	Vedtak/Ansvar/Oppfølging
1	<p>Styret 2019-2020.</p> <p>Til årsmøtet på Vika 26. april 2019 hadde valnemnda ikkje funne nokon til å fylle leiarvervet. Årsmøtet bad Margarethe L'orange kalla saman det nye styret til det fyrste styremøtet.</p>	<p>Olav Sletto-selskapet skal ifølgje vedtektene ha fem medlemmer. Sidan leiarvervet står tomt, har vi berre fire. Ein av varamedlemmene må difor tiltre styret som fast medlem. Varamedlemmene er ikkje valde i nummerrekkefølgje. Den av varamedlemmene som har lengst "tenestetid", bør tiltre. Har dei lik funksjonstid, blir det trekt lodd. Turid Birgit Lien og Kjell Snerte blei begge fyrste gong valde for to år på årsmøtet i 2017 og valde for to nye år på årsmøtet i 2019. Torstein Seim blei da ny varamedlem for perioden 2019-2021. Etter loddtrekning mellom Turid Birgit Lien og Kjell Snerte er Turid Birgit Lien ny styremedlem.</p> <p><small>Merknad : Brønnøysundregisteret har ikke godkjent Turid Birgit Lien som styremedlem fordi hun ikke er valgt som det av årsmøtet. Turid Birgit Lien blir derfor innkalt til styremøtene som vararepresentant. 24. sept. 2019. Margarethe L'orange.</small></p>
2	<p>Årshjul 2019-2020.</p>	<p>Fyrste hending er Olav Sletto-dagen, 12. oktober i Leveld kunstnartun. Eva Almhjell har sagt seg viljug til å vera ansvarleg for den, så den er i dei beste hender.</p> <p>Medlemsbrev. Margarethe L'orange utformar det neste brevet – når Olav Sletto-dagen nærmar seg.</p> <p>Årsheftet 2020. Vi ser hva vi kan bruke av stoff som blir presentert på Olav Sletto-dagen.</p> <p>Årsmøtet 2020. Nå har vi erfart at varamedlemmene bør veljast i nummerrekkefølgje. Vedtektene må også si noko om valnemnd.</p> <p>Vi fremjer vedtektsendring på neste årsmøte.</p>
3	<p>Informasjon på internett.</p> <p>Olav Sletto-selskapet bør, i tillegg til heimesida, ha ein Facebook-konto.</p>	<p>Olav Randen opprettar ein Facebook-konto i god tid før Olav Sletto-dagen i oktober.</p>
4	<p>Organisering.</p> <p>Kasserar. Ola Ruud har sidan november 2015 vore kasserar og reknskapsførar utan å vere vald styremedlem.</p>	<p>Då styret ikkje har ein leiar, bytter medlemmene på å stå for innkalling. Olav Randen innkallar til neste møte, i siste halvpart av september.</p> <p>Styret ynskjer at Ola Ruud held fram som kasserar og</p>

	Neste styremøte.	reknskapsfører, og det har han sagt ja til. Referatskriving går på omgang.
--	------------------	---